

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - K70, FA - M30	14/991

Saknr	Utval	Type	Dato
093/2014	Formannskapet	PS	20.10.2014

## Framlegg til forskrift om vatn og avlaup i Masfjorden kommune

### Vedlegg:

forskrift utkast vatn og avlaup i Masfjorden 08.10.2014

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lokal forskrift om vatn og avlaup for Masfjorden kommune vert sendt ut på høyring i medhald av forvaltningslova sin § 37.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta:

Saka vart drøfta i formannskapet den 18.september.

Kommunen nyttar reglementet for vilkår for tilknyting vedteke i kommunestyret i Masfjorden den 07.09.2000, sak 83/00. Storleiken på tilknytingsavgifta og årsavgiftene vert fastsett kvar år i eiga sak i kommunestyret om kommunale avgifter, og var for 2014 handsama i kommunestyret sitt møte den 12.12.2013, sak 072/13. Her vart tilknytingsavgifta sett til kr 17.000,- eks. mva for vatn, og kr 21.000,- eks. mva for avlaup.

I samband med klagesak knytt til eit større bygg på Matre gjorde formannskapet den 13.05.2014, sak 036 vedtak om å sjå nærmare på vatn og avlaupsgebyra og måten dei er utforma i Masfjorden kommune.

Med bakgrunn i dette og etter drøftingane i formannskapet den 18. september har administrasjonen jobba fram framlegg til ny forskrift dagsett 08.10.2014 i medhald av lov om kommunale vass – og avlaupsanlegg av 2012.

Denne føresegna har som målsetjing å sikra gjennomføring av dei plikter kommunen er pålagt ved lov, og å nå dei mål som er nedsett i kommunen sitt planverk knytt til vatn og avlaup. Felles for dei sjølvfinansierande områda, er at kostnaden fullt ut kan dekkast inn ved hjelp av kommunale avgifter. Forskrifta skal vera ein juridisk basis for følgjande dokument:

- Avgiftsregulativ (årleg gebyrregulering gjort av kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga som skjer kvar haust)
- Reglement, vilkår for tilknyting til vatn i Masfjorden vassverk

Føresegna gjeld alle hushald/ bueiningar, hytter og offentlege / private verksemder som er, eller vil verta knytt til offentleg vatn og avlaupsanlegg i kommunen

Kommunen kan i einskildsaker etter skriftleg søknad gjere unntak frå reglane i denne føresegna om rimelege grunnar tilseier dette. Søknadar om unntak eller dispensasjon skal innehalde korrekt oppgåve over eigar, brukar og adresse, kva det vert søkt om og grunngjeving for dette. Når nytt hus kjem opp gjeld reglar som for nybygg, bortsett frå der tilknytingsavgift alt er betalt.

I føresegna 1-5 foreslår administrasjonen at gebyra på tilknytingsavgifter både for vatn og avlaup vert differensiert i høve storleiken på bustader og hytter, slik at bygningar med bruksareal opp til 70 m<sup>2</sup> får halv tilknytingsavgift i høve større bygningar over denne grensa. For årsavgiftene har ein føreslått like avgifter uansett arealstorleik for hytter og bustader.

Differensiering av tilknytingsavgiftene med tre arealkategoriar vert føreslått på nærings og forretningsbygg, landbruk m.v. I føresegna har ein og lagt inn definisjonar slik at det skal vera eintydig det som står i teksten. Desse bygningane skal ha installert vassmålar, slik at årsavgiftene vert i høve målt forbruk samt fastavgift på vassmålar.

### **Vurdering**

Prinsippet om sjølvkost innanfor vass- og avlaupsområdet er nedfelt i det nasjonale regelverket. Det er difor i utgangspunktet abonnentane som skal dekka kostnadane innanfor desse områda. Desse kostnadane kan dekkast fullt ut via årsavgifter og tilknytingsavgifter. I Masfjorden kommune er det ikke full kostnadsdekning innanfor dette feltet, og det betyr at fellesskapet er med å betale deler av kostnadane gjennom kommunale overføringer til dette tenesteområdet.

I framlegget som no ligg føre legg ein opp til ei todeling når det gjeld tilknytingsavgifter i høve arealstorleik på hytter og bustader og tredeling for andre typar næringsbygg m.fl.. Dette prinsippet er viktig å få drøfta, for det kan og vera andre måtar å gjera dette på. Enkelte kommunar har ei minimumsavgift i botn for alle abonnentar, og ein kostnad per m<sup>2</sup> bruksareal i tillegg.

Når det gjeld årsavgiftene legg framlegget opp til ei fast avgift på alle frittliggjande bustader og hytter, slik at den vert den same uansett storleik på arealet. For andre typer bygningar vert det pålegg om installering av vassmålar.

Rådmannen rår til at formannskapet vedtek i samsvar med forvaltningslova sin § 38 at framlegg til forskrift om vatn og avlaup skal på høyring. Når høyringsperioden er ferdig, skal eventuelle merknader som er kome inn drøftast, og deretter skal forskrifta handsamast i formannskapet og til slutt godkjennast i kommunestyret. Om formannskapet meiner at det er andre prinsipp som bør gjelda i høve differensiering av avgiftsniva, er det viktig at dette kjem med i vedtaket no, slik at dette kan verta vurdert nærmare i høyringsrunden, jf. forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming.

## **Formannskapet - 093/2014**

### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

**Marit Steinstø, Krf,** la fram følgjande framlegg til endring av forskrifter om vatn- og avlaup i Masfjorden kommune:

<u>Bustader avlaup og hytter</u>	<u>Bruksareal</u>	<u>Tilknyningsgebyr vatn</u>	<u>Tilknytningsgebyr</u>
	0 - 70 m <sup>2</sup>	50 %	50 %
	større enn 70 m <sup>2</sup>	100 %	100 %
Nærings/ forretning, kontor, landbruksbygg, naust	0 - 70 m <sup>2</sup>	50 %	50 %
	71 - 200 m <sup>2</sup>	100 %	100 %
	201 - 1000 m <sup>2</sup>	200 %	200 %

### **Røysting:**

Framlegg frå Krf vart samråystes vedteke.

### **FS - vedtak:**

**Lokal forskrift om vatn og avlaup for Masfjorden kommune vert sendt ut på høyring i medhald av forvaltningslova sin § 37, med følgjande endring:**

**§1-5 Tilknytingsavgifter for vatn og avlaup - utforming av gebyret.**

<u>Bustader og hytter</u>	<u>Bruksareal</u>	<u>Tilknyningsgebyr vatn</u>	<u>Tilknytningsgebyr</u>
	0 - 70 m <sup>2</sup>	50 %	50 %
	større enn 70 m <sup>2</sup>	100 %	100 %
Nærings/ forretning, kontor, landbruksbygg, naust	0 - 70 m <sup>2</sup>	50 %	50 %
	71 - 200 m <sup>2</sup>	100 %	100 %
	201 - 1000 m <sup>2</sup>	200 %	200 %

**naust**